



Halve Festivalen-staben på den nye arenaen i ettermiddag

Festivalen 2012 vil bli arrangert omtrent midt på Dønhaug-jordet fyrste helga i august. Grunnen til flyttinga er større fleksibilitet mellom anna med tanke på tryggleik og ver, held Bjørn Olav Tveit fram etter eit møte for nøkkelpersonane i Dønhaugkjedlaren i dag. Ein stor stab har vore i arbeid ei tid.

Tveit lovar at det vil bli teke maksimalt omsyn til dei nye naboane til festivalen som skal innkallast til eit eige møte. Førebels er det ikkje inngått kontraktar med artistar, men det er like rundt hjørnet.



Bjørn Olav Tveit, Åsmund Lilleaas og Kjartan Thoresen frontar mannskapet

Festivaldagane blir fredag 3. og laurdag 4. august. Festivalleiinga består av eit hovudstyre på 9 der Tveit, Åsmund Lilleaas og Kjartan Thoresen frontar og er likestilte. I styret sit mellom andre Bjarte Døssland, Greta Rød, Aleksander Rebaudo, Hans Martin Hjelmeland, Silvia Tofte, Eirik Sævareid, Sveinung M.Pile og Daidalos Dahle.

Med andre ord stillar også fleire frå den gamle festival-leiinga opp att, men ikkje i første rekkje. Tilsaman er ein stab på 60 engasjert og halvparten av dei deltok i dagens møte. Det er fleire grupper, til dømes tryggleiksgruppe, sponsergruppe, marknadsføringsgruppe og festivalfagleg gruppe.

Jakta på sponserar er i full gang. Fleire verksemder er kontakta

og fleire står for tur. Det vil truleg bli eit spesielt arrangement på låven for sponsorane under festivalen.

Den nye leiinga lovar ein enklare og betre festival enn i tidlegare år, men mykje vil sjølvstapt avhenge av veret og artistane

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen